

---

**Fra:** Niels Torger Granum  
**Sendt:** 1. oktober 2014 11:14  
**Til:** Meland Rune  
**Kopi:** Kristin Nåmdal  
**Emne:** SV: Møte på Vestbygd skule.

Hei,

Vedlagt ligg kartutsnitt detaljert over området ved Meland kyrkje, samt eit mindre detaljert kartutsnitt som også viser områda sørover inkl. Dalevatnet.

Heile plankartet, føresegner og dei andre dokumenta kan også sjåast her:

<http://www.meland.kommune.no/høyring-og-offentleg-etersyn-av-kommuneplanen-sin-areaeldel.5526835-298720.html>

Angåande skravur og kart så er nok dette diverre ei misforståing. Ser ein heile plankartet over kommunen så er teksten oGU\_1 knytt til det røde området under teksten, mens dette diverre kan misoppfattast når ein berre ser eit utsnitt. Teksten er lagt rett over området fordi svart tekst på mørk raud bakgrunn er noko vanskeleg å sjå når ein har heile kommuneplankartet foran seg.

Som det står i teiknforklaringa i arealplankartet så er området for gravplass merka i raudt. Mørkare raudt for nytt areal (på nordsida av eksisterande) og lysare raudt på eksisterande areal til gravplass. Din eigedom ligg framleis som grønt – LNF, og er altså ikkje vurdert som område til gravplass.

Alt av skravurar er forskjellige omsynssonar. I dette tilfellet er skravuren på din eigedom ikkje i forbindning med gravplassen, men 50 meters omsynssone med omsyn naturmiljø for Mjåtvitelva: H560\_1. Dette er noko vanskeleg å sjå på eit detaljert utsnitt, men lettare å sjå om ein ser anten heile plankartet eller utsnittet i 1:10000 som er lagt ved. Ei detaljert beskriving av sona som ligg på din eigedom kan sjåast på side 20 i føresegrane som ligg under koplinga som er lagt ved over her.

Med venleg helsing  
Niels Torger Granum  
GIS-konsulent  
E-post: [ntg@meland.kommune.no](mailto:ntg@meland.kommune.no)

